Tilleggsskjema realkompetanse
Eigenerklæring til Høgskulen i Volda 2009

Søkjar som ber om realkompetansevurdering må grunngi kvifor han/ho søkjer studiet, motivasjon og eiga oppfatning av kva det vil krevje å gjennomføre studiet. Skriv dette på eige ark.

I tillegg skal du som søkjar gjere greie for:

1. Kunnskapar/dugleik i norsk (gjeld alle som ikkje stettar kravet frå vgs)
Dersom du ikkje oppfyller kravet i norsk til generell studiekompetanse, ***eksamen i norsk (14 t) frå vidaregåande skule***,skriv du her:

Du skal gjere greie for kvifor du meiner at du har tilstrekkeleg dugleik i norsk – eller anna nordisk språk – til å kunne nyttiggjere deg faglitteratur, skrive oppgåver, utgreiingar m.v. i studiet. Det er ikkje nok å skrive "Eg har norsk som morsmål", "Eg er norsk statsborgar" eller liknande. Har du dokumentasjon frå arbeid, utdanning eller anna som viser bruk av/opplæring i norsk, må dette leggjast ved.

2. Kunnskapar/dugleik i engelsk (gjeld alle som ikkje stettar kravet frå vgs)
Dersom du ikkje oppfyller kravet i engelsk til generell studiekompetanse, ***eksamen i engelsk (5 t) frå vidaregåande skule***, skriv du her:

Grunngi kvifor du meiner at du har nok dugleik i engelsk til å kunne gjere deg nytte av engelsk faglitteratur og/eller uttrykkje deg skriftleg og munnleg på engelsk. Har du dokumentasjon frå arbeid, utdanning eller anna som viser bruk av/opplæring i engelsk, må dette leggjast ved.

3. Kunnskapar/dugleik i matematikk og naturfag (gjeld alle som ikkje stettar kravet frå vgs)
Dersom du ikkje oppfyller kravet i matematikk og naturfag til generell studiekompetanse, ***eksamen i matematikk (5 t) og naturfag(5 t) frå vidaregåande skule***, skriv du her:

Dersom du søkjer opptak til matematikk eller naturfag er det også tilleggskrav om realfag utover generell studiekompetanse, og du må gjere greie for at du stettar desse krava også. Har du dokumentasjon frå arbeid, utdanning eller anna som viser bruk av/opplæring i matematikk og/eller naturfag, må dette leggjast ved.

4. Kunnskapar/dugleik i samfunnsfag (fyllast ut av alle som ikkje stettar kravet frå vgs)
Dersom du ikkje oppfyller kravet i samfunnslære og historie til generell studiekompetanse, ***eksamen i samfunnslære (2 t) og historie(4 t) frå vidaregåande skule***, skriv du her:

Du skal gjere greie for kvifor du meiner at du har tilstrekkeleg dugleik i samfunnsfag. Har du dokumentasjon frå arbeid, utdanning eller anna som viser bruk av/opplæring i samfunnsfag må dette leggjast ved.

Dersom du ikkje kan dokumentere å ha tatt noko fag/utdanning utover grunnskulen, er det svært viktig at du beskriv korleis du i det daglege har fått tileigna deg kunnskap på alle desse fagområda. Dette er eitt viktig grunnlag for høgskolen for å vurdere om du har tilstrekkeleg realkompetanse.

Bruk eige ark om plassen er for liten.

Hugs at all dokumentasjon skal vere attesterte kopiar, og at alle vedlegg skal nummererast!

Skal returnerast til: Høgskulen i Volda, Boks 114 Opptak, 6101 Volda

Stad **Dato** **Underskrift**